Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Området nærast Fv-49 ligg innafor gul sone, dvs. meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast, i høve til bustad og evt kontor og andre støyfølsame bygg.	L&H : S4/K2
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er gang og sykkelveg til skule og ligg med kort avstand til barnehage.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Industriområde i nærleik av barnehage og bustad. Bustad i nærleik av næringsområde	Kan vera uheldig med tredeliga i mellom barnehage, bustad og industri/næring på eit relativt avgrensa område	L&H : S4/K3
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsreal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49.</p> <p>Det føreslåtte området ligg langs med Fv-49 og utanfor sentrum i Tørvikbygd.</p> <p>I høve til arealstrategi nr 11, skal utbygginga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum i Tørvikbygd. I lokalsenter kan det vera både einebustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.</p> <p>Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vert bygd ny barnehage i Tørvikbygd. Avstanden til barneskulen er bortimot 700 m, her er det fotballbane mm. Barnehagen ligg tett inntil det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen midt i Tørvikbygd ligg også om lag 900 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Nærbutikken ligg vel 400 m frå bustadområdet.</p> <p>Nærmaste busstopp, vel 200 m</p> <p>Kort veg til vatn og avlaup.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter i Tørvikbygd.</p> <p>I dag er området prega av blandingsskog, i eit område som er prega av liten aktivitet i skogen. Det går ein kraftleidning i luft igjennom området i dag.</p> <p>Det vert bygd ny barnehage på nabotomta til det føreskåtte området. Tredelinga med barnehage, bustad og næring, må handsamst med kløkt for å unngå konflikter. Både det føreslåtte bustadområdet og næringsområdet er i samsvar med kommunen sine arealstrategiar. Det er elles lite med konflikter i høve til andre interesser. Det går ein kraftleidning igjennom næringsområdet som det må takast omsyn til ved ei eventuell utbygging. Støyen i frå Fv.49 må det også takast omsyn til i det vidare reguleringsarbeidet, og det må setjast krav om avbøtande tiltak i høve til støy.</p> <p>Området vert delvis tilrådd som bustad og næringsføremål. Lokaliseringa av områda er i samsvar med arealstrategiane for bustad og næring. Rådmannen ser det som naturleg at det vert buffersonar i mellom dei ulike føremåla. I mellom barnehagen og bustadområdet vert kravet til buffersone, overlatt til arbeidet med reguleringsplan, og innarbeidd i den. Området kan også nyttast til uteområde for barnehagen. Buffersonen i mellom næringsområdet og bustadområdet vert lagt inn i kommuneplanen sin arealdel. Buffersonen har ei breidde på 100 m. Det må gjerast tilpassingar i høve til kraftleidningen og avbøtande tiltak i høve til støy.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)





Områdenavn:	Tørvikbygd -Skutevik-	Gnr/bnr:	87/206
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015744&dokid=432551&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	I kommuneplanen i frå 2006, er ein del av området vist som anna byggeområde, framtidig, den andre halvdelan er vist som framtidig område for fritidsbustad, her som naust. I reguleringsplan i frå 2010 er heile området vist som anna byggeområde, naust.		
Områdeskildring:	Området ligg midt i Tørvikbygd, like ved ferjekaien. Det er bygg med ulike funksjonar i området, og det er godkjent reguleringsplan med tanke på småbåthamn inne i vågen. Området har eit areal på 16 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig næring –turisme.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no. Registrering i artsdatabanken.no. Gjeld artar som rosenrot, krypsiv mm. Definerte som livskraftige biotopar, med koordinatpresisjon 250. Registreringa er i frå 1936.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Bebygd areal.	L	0
	Kulturminne / fornminne	Registreringar i kulturminnesok.no. Gjeld naust som er tidfesta til 1650 – 1674 .	S	-2
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Middels breie fjordløp.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Innafor området.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er gang og sykkelveg like ved.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Samlokalisering i mellom bustad og næring.	Heile det gamle gartneriområdet vert føreslått til bustad. Området rundt er elles også bustad. Kan vera ei uheldig samlokalisering i høve til turisme.	L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsreal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringer skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Næringer basert på stadbundne ressursar kan lokaliserast i område der desse høyrer naturleg til.</p> <p>Arealstrategi nr 14 legg til grunn at det skal opnast opp for nye stadbundne næringer knytt ilt garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringer, i høve til strategi nt 18 så vil næringer basert på stadbundne ressursar kunna lokaliserast der desse høyrer naturleg til.</p> <p>Miljøverndepartementet har lagt til grunn at bygg, her som fritidsbygg må verta brukt til næringsmessig utleige mist i 9 månader i året, og at det er ein føresetnad at utleigeverksemda skjer som næringsverksemd i fellesdrift.</p> <p>Området har vore regulering over lengre tid, og i 2010 vart det vedtatt ny reguleringsplan, der nausta, framleis skal vidareførast som naust. I kommuneplanen er det ynskjeleg å sjå på heile nærområdet under eitt, der delar av sentrum er tenkt tilrettelagt for bustadbygging.</p> <p>Der er elles lite med konflikter i høve til andre interesser, småbåthamna som er under etablering (og i samsvar med godkjent reguleringsplan), kan skape nye konflikter om området vert gjort om til næring og turisme.</p> <p>Rådmannen vil ikkje tilrå at området vert gjort om til tursime og næring, då det er nyleg godkjent reguleringsplan i området med naust, og det kan skapa nye konflikter i høve til fast busetnad og den komande småbåthamna.</p>			

Områdenavn:	Tørvikbygd -Storhaug-	Gnr/bnr:	87/102 m.fl
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015828&dokid=432748&versjon=1&variant=A& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015828&dokid=432750&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Noverande fritidsbustad		
Områdeskildring:	Området ligg relativt sentralt i Tørvikbygd. Området er prega av lauvskog og ligg ikkje langt ifrå fjorden. Ligg i mellom bustadområde og nokre mindre fritidsbygg. Arealet utgjer om lag 11,5 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no. Ligg innafor 100 m belte i frå sjøen.	M	-1
	Jord- og skogressursar	Mykje skog av svært høg bonitet. Elles innslag av jorddekt fastmark og elles noko areal som ikkje er definert i AR5 (jf markslagskart)	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne på dette arealet eller i nærområdet.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Middels breie fjordløp.	M	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Kort avstand til fjorden.	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg for det meste utafor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	S	-2

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg igjennom eksisterande bustadfelt.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle tilhøve når det gjeld uheldig samlokalisering. Ligg opp i mot eksisterande område for fritidsbustadar.	L&H : S2/K2
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg i Tørvikbygd. I høve til arealstrategi nr 11, skal utbygginga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både einebustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.</p> <p>Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vert bygd ny barnehage i Tørvikbygd. Avstanden til barneskulen er ca 500 m, her er det fotballbane mm. Barnehagen ligg vel 650 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen midt i Tørvikbygd ligg også om lag 500 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Bustadområdet grensar heilt ned til sjøen i det eine hjørnet. Nærbutikken ligg vel 250 m frå bustadområdet.</p> <p>Kort veg til vatn og avlaup.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter i Tørvikbygd.</p> <p>Det er ikkje tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå det føreslåtte bustadområde, igjennom eksisterande bustadområdet og fram til Fv.49. Snarveg ned til ferjekaien. I frå Fv.49 er det derimot gyngor sykkelveg både til barnehagen og skulen mm.</p> <p>Området ligg i skog med svært høg bonitet. Delar av området er egna for vidare utbygging, men det er ei stor utfordringa at det tilgrensande området er brukt til fritidsbusetnad. Til liks med andre innspel i området så kunne ei utviding/forlenging av bustadområdet vorte sett på som ei naturleg løysing også her, men det kjem fort i konflikt med eksisterande fritidseigedommar. Rådmannen ser det som naudsynt å ha ein buffersone i mellom fritidsbygg og fast busetnad på staden, og vil difor ikkje tilrå at bustadområdet vert utvida.</p>			

Områdenavn:	Tørvikbygd -Fagervik-	Gnr/bnr:	87/122
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2014013264&dokid=458201&version=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Kommuneplan: Fritidsbebyggelse – noverande Reguleringsplan Hovden-Skutevik 1994 - fritidsbustad		
Områdeskildring:	Ein utbygd eigedom ved sjøen, ytterkant av eit regulert hytteområde. Areal ca 1,5 daa		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Stort sett anna jorddekt fastmark –noko skog av svært høg bonitet.	L	-1
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Middels breie fjordløp.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Ligg i kort avstand til fjorden.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde.	Noko støy i frå landbruk kan førekomma, i resten av det føreslåtte feltet. Støy ikkje noko utfordring.	L&H : S2/K3
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K2
			Ø&P: S1/K2
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg igjennom eksisterande bustadfelt.	L&H : S3/ K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Låg aktivitet på dei nærastliggjande jordbruksareala.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Området ligg i Tørvikbygd. I høve til arealstrategi nr 11, skal utbygginga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både ein bustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vert bygd ny barnehage i Tørvikbygd. Avstanden til barneskulen er vel 500 m, her er det fotballbane mm. Barnehagen ligg omkring 650 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen midt i Tørvikbygd ligg også om lag 600 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Avstanden ned til sjøen i frå det føreslåtte området er om lag 30 m. Nærbutikken ligg vel ca 250 m frå bustadområdet.

Kort veg til vatn og avlaup.



Forslaget ligg innafor 10 min gangavstand til sentrum der det er både skule og butikk.

Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmøglegheiter i Tørvikbygd.

Det er ikkje tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå det føreslåtte bustadområde, igjennom eksisterande bustadområdet og fram til Fv.49. I frå Fv.49 er det derimot gang-og sykkelveg både til barnehagen og skulen mm.

I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er området (tomta) vist som område for fritidsbustadar. I samband med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, er det ynskjeleg å leggja til rette for meir bustadar i det aktuelle området. Området lengre nord for eigedommen og sør for eigedommen er prega av fritidsbruk, gjeld både hytter og naust.



Rådmannen ser det ikkje som naturleg å blanda fritidsbruk og fast busetnad i dette området. Forslaget om endring i frå fritidsbustad til heilårsbustad vert **ikkje tilrådd**.

Områdenavn:	Tørvikbygd -Augestad-	Gnr/bnr:	86/2
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433270&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433270&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433271&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande, Inf-I område.		
Områdeskildring:	Området (område B) er lokalisert i Tørvikbygd. Ligg i strandsonen i eit område som i kommuneplanen er vist som landbruk,- natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande. Overflatedyrka mark. Arealet ut gjer ca 1,5 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens	
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Overflatedyrka mark, som ligg i Inf-I område i kommuneplanen.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner på dette arealet, men fleire funn i nærområdet.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Middels breie fjordløp.	M	0
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg i den funksjonelle strandsonen.	S	-3

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Ligg innafor støysonen til skytebanen i Lysen.	Feltet, ligg innafor raud sone , dvs meir enn 65 dB. I desse områda bør kommunen ikkje tillate etablering av bustadar, jf T-1442.	L&H : S5/K3
			M: S5/K2
			Ø&P: S5/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Manglar køyrevæg fram til Fv-49. Manglar i dag gang- og sykkelveg langs med fylkesvegen.	L&H : S5/K3
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Området ligg i Tørvikbygd. I høve til arealstrategi nr 11, skal utbyggjinga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både einebustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.</p> <p>Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vert bygd ny barnehage i Tørvikbygd. Avstanden til barneskulen er vel 1 km, her er det fotballbane mm. Barnehagen ligg omkring 1,6 km i frå det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen midt i Tørvikbygd ligg også om lag 1,4 km i frå det føreslåtte bustadområdet. Avstanden ned til sjøen i frå det føreslåtte området er berre 50 m. Nærbutikken ligg vel ein km frå bustadområdet.</p> <p>Forslaget ligg innafor 10 min gangavstand til sentrum der det er både skule og butikk.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter i Tørvikbygd.</p> <p>Det er ikkje tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå det føreslåtte bustadområdet og fram til sentrum i Tørvikbygd. Det er derimot godkjent reguleringsplan i frå 2004 med gang- og sykkelveg fram til krysset i mellom gardsvegen til gnr 86 bnr 2 og Fv-49.</p> <p>Etablering av bustadar vil vera i konflikt med støynivået i frå skytebanen i Lysen, så lenge den er i drift. Skytebanen i Lysen vil vera i aktiv bruk inntil skytebanen i Vangdalsåsen er på plass. Skal det etablerast bustadfelt, bør gang- og sykkelvegen på plass før tiltaket vert gjennomført. Arealstrategi nr 13. legg til grunn at; «jordvernet skal stå sterkt i Inf-I område». Arealstrategi nr 22. legg til grunn at; «I den funksjonelle strandsonen skal område som er egna til rekreasjon og friluftsliv sikrast mot utbygging». På bakgrunn av stragetiane vil rådmannen ikkje tilrå det innkomne forslaget.</p>			

Områdenavn:	Tørvikbygd -Heradstveitvegen-	Gnr/bnr:	91/2
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2015006817&dokid=479053&versjon=1&variant=A& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2015006817&dokid=479054&versjon=1&variant=A&		
Noverande planstatus:	Noverande landbruk,- natur- og friluftsområde, Inf-område.		
Områdeskildring:	Ligg i Tørvikbygd, i eit skogsområde med skog av svært høg bonitet. Området ligg ovanfor Berge, med utsikt over fjorden. Samla utgjer arealet 8,7 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging, evt fritidbustad		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturkvalitetar	L	-1
	Jord- og skogressursar	Skog av svært høg bonitet.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Åslandskap og skogsåsar	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftkvalitetar	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart syner potensiell fare for ras i ein liten del av området. Tilhøvet må kartleggjast nærmare før utbygging, alternativt takast ut av området.	L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K2
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle tilhøve når det gjeld uheldig samlokalisering.	L&H : S1/K1
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Området ligg i Tørvikbygd. I høve til arealstrategi nr 11, skal utbyggjinga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både einebustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.</p> <p>Avstanden til sentrum i Tørvikbygd er relativt lang. Det vert bygd ny barnehage i Tørvikbygd. Avstanden til barneskulen er ca 2,5 km, her er det fotballbane mm. Barnehagen ligg omkring 2 km i frå det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen midt i Tørvikbygd ligg også om lag 2,5 km i frå det føreslåtte bustadområdet. Avstanden ned til sjøen og Stekkaområdet er og om lag 2,5 km.. Nærbutikken ligg vel vel to km frå bustadområdet.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter i Tørvikbygd.</p> <p>Vegen i frå Fv-49 og fram til det føreslåtte området er relativt smal og svingete. Det er gang- og sykkelveg frå Fv-49 og fram til skule, barnehage mm. Området må i stor grad reknast som bilbasert.</p> <p>Området ligg utanfor sentrumsområdet i Tørvikbygd. Når det gjeld spreidd bustadbygging, så skal den type bustadbygging føregå langs med eksisterande infrastruktur og busetnad, jf arealstrategi nr 15. Rådmannen si tolking er at forslaget ikkje er i samsvar med strategiane og at det difor ikkje vert tilrådd.</p>			

Områdenavn:	Tørvikbygd -Drage-	Gnr/bnr:	87/1
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2014000787&dokid=440507&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	LNF-L		
Områdeskildring:	Området ligg nær Tørvikbygd skule og består av knausar, lyng og lauvtre. Om lag 2 da.		
Innspel til ny arealbruk:	2 bustad-tomter		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd (Går ut - jf punkt 3.10 «Vurdering av private innspel», side 13 i Planomtalen)		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	I artsdatabanken er det reg. funn av <i>Arnica montana</i> (solblom) den står på raudlista, merka som sårbar. Er ikkje definert som art av nasjonal forvaltn. interesse	S	-2
	Jord- og skogressursar	Lauvskog, klassifisert som skog av høg bonitet i markslagskartet	M	-1
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Er del av landbruksområde med fleire bustadtomter. Definert som landskapstype åslandskap og skogslandskap.	L	-1
	Friluftsliv	Området har potensiale som areal for leik og friluftsliv for tilgrensande skule og bustadområde. Tilgrensande veg er del av ein samanhengande turveg rundt Tørvikvatnet.	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-



Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde.	Mindre dominerande i området	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Næraste brannstasjon er Norheimsund	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker	Sti og småveggar til barnehage, skule og butikk	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Ligg i utkanten	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg sentralt i Tørvikbygd, nær opp til skulen. I høve til arealstrategiane nr 10 til 12 for Tørvikbygd, så er denne lokaliseringa i samsvar med desse.</p> <p>Avstand til barneskulen er om lag 100 m, her er det og fotballbane mm. Barnehagen ligg i om lag av 600 m i frå, badeplassen midt i Tørvikbygd ligg om lag 500 m i frå og nærbutikken ligg 400 m unna. Vatn og avlaup er bygd ut fram til tilgrensande areal.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Ligg i eit område med gode turmøglegeheiter i Tørvikbygd.</p> <p>Etter at dette innspelet er levert, er det gjeve dispensasjon for frådeling av ei bustadtomt her. Resten av omsøkt areal vert tilrådd til bustad-føremål, då det samsvarar svært godt med arealstrategiane for Tørvikbygd. Det bør vurderast om meir av kringliggjande areal også kan endrast til bustadføremål, el. om deler av areal nærast skulen skal gå til off. føremål.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)

Del av gnr 87 bnr 1:





Områdenavn:	Tørvikbygd -Åse-	Gnr/bnr:	85/3
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015697&dokid=432462&versjon=1&variant=A& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015697&dokid=432463&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015697&dokid=432464&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande, Inf-I område.		
Områdeskildring:	Området som er føreslått ligg på Åse, ovanfor Eidevatnet i Tørvikbygd. Området ligg i eit aktivt jordbrukslandskap. Tilsaman utgjer arealet bortimot 18 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<p style="text-align: center;">Tilrådd</p> <p style="text-align: center;">(Går ut - jf punkt 3.10 «Vurdering av private innspel», side 13 i Planomtalen)</p>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar i naturbase.no eller i artsdatabanken.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Ein svært liten del er fulldyrka jord/myr. Overflatedyrka jord utgjer den største delen av området. I tillegg finst det innmarksbeite, lite grann skog av svært høg bonitet, skog av høg bonitet og anna jord-dekt fastmark. Vist som Inf-l i kommuneplanen	S	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne i kulturminnesok.no. Viser fire bygningar som er SEFRAK-registrerte innafor området.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Skade på bygg kan førekoma.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde.	Noko støy frå landbruk.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med landbruksmaskiner langs med vegen.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Tørvikbygd er i kommunen sin senterstruktur definert som nærsenter, der det skal vera offentlege og private funksjonar knytt til daglege gjeremål. I sentrum skal utbygginga konsentrerast innanfor 10. minutt gåavstand frå sentrum. I høve til arealstrategi nr 15, skal område som ikkje er omfatta av bustadfelt, her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Jordvernet skal stå ekstra sterkt i Inf I-område.</p> <p>I kommuneplanen i frå 2006 er heile området vist som landbruk,- natur- og friluftsliv, der landbruk er dominerande.</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår. Avstanden til næmaste busstopp er om lag 1 km. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mange merka stiar på Innstranda og Tørvikbygd.</p> <p>Er i samsvar med arealstrategi for spreidd bustadbygging, og ligg langs med eksisterande kommunal veg. Konflikt med jordbruksverdiane i kommuneplanen i frå 2006.</p> <p>Området kan med god planlegging i høve til einskildbygg vera godt egna til spreidd bustadbygging. Plasseringa av einskildhus må lokaliserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med dei overflatedyrka områda og innmarksbeite. Plasseringa er i samsvar med arealstrategiane for spreidd bustadbygging. Rådmannen tilrår at det vert mogleg med spreidd bustadbygging med inntil 3 nye bygg.</p>			

Områdenavn:	Tørvikbygd -Augstad-	Gnr/bnr:	86/2
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433270&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433270&versjon=1&variant=P& http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013016191&dokid=433271&versjon=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur og friluftsliv, Inf-område.		
Områdeskildring:	Området (område A) er lokalisert i Tørvikbygd. Ligg langs med privat veg. Området er i dag prega av lauvskog. Arealet er litt over 5 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<p style="text-align: center;">Tilrådd</p> <p style="text-align: center;">(Går ut - jf punkt 3.10 «Vurdering av private innspel», side 13 i Planomtalen)</p>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

--	--

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Skog av svært høg bonitet.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Åslandskap og skogsåsar.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Godt med merka stiar på I Tørvikbygd	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
